

Prekenverkstedet



<http://www.israelmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

4.søndag i fastetida – 7.april 2019

Preiketekst: Joh 6,24-36

Lesetekst I: Mos 8,2-3

Lesetekst II: 1 Kor 10,16-17

Jesus – livsens lys og eit lys for kvardagen

Hending og ordskifte i Johannesevangeliet

Johannesevangeliet har det spesielle trekket at fleire av kapitla startar med ei hending som fører over i eit ordskifte mellom Jesus og tilhøyrarane, der hendinga gjev tema for ordskiftet og undervisninga som følgjer. Slik er det også her i det sjette kapitelet, med den skilnaden at her startar det med to påfølgjande og høgst ulike hendingar, der tema for ordskiftet i første rekke går tilbake til den første hendinga, der Jesus gjev mat til fem tusen med fem brød og to fiskar. Forteljninga om Jesus som kjem gåande til læresveinane gjennom stormen midt ute på sjøen, har mest plass som overgang til det vidare ordskiftet.

På leit etter ein undergjerar

Det er ikkje heilt lett å vite kva perspektiv folket hadde fått på det dei hadde opplevd, og som dreiv dei til å oppsøke og leite etter Jesus den neste dagen. Men eg trur vi hadde handla omtrent på same måten, vi óg, om vi hadde opplevd å møte ein som hadde slike evner til å gje uavgrensa med mat til alle svoltne. Og ropet har vel stige opp frå jorda meir enn éin gong: Kvifor, Gud, har ikkje dette skjedd meir enn den eine gongen – at du ga mat nok til alle?

Men Jesus er verken opptatt av å forklare korleis han var kommen til andre sida av sjøen - endå han ikkje var med i båten med læresveinane - eller av å halde fram med nye brødunder.

Eit anna og større perspektiv

Jesus har ei anna og større gåve til folket og verda, som han, mellom anna med brødunderet, ønsker å setje fokus på: «Arbeid ikkje for den mat som forgår, men for den mat som varer og gjev evig liv.» (v.27)

Det er ikkje eit nytt perspektiv, men heilt på linje med eit kjent ord ved Moses: «... at mennesket ikkje lever berre av brød; mennesket lever av kvart ord som kjem frå Herrens munn.» (5 Mos 8,3)

Med dette blir også linja frå brødunderet ført saman med minnet om dei førti åra i øydemarka då folket levde av manna, maten som Gud ga dei å samle inn etter nattedogga kvar morgon: «Han audmjuka deg; han lét deg svelta og lét deg eta manna, ein mat som korkje du eller fedrane dine kjende til. Slik ville han visa deg at mennesket ikkje lever berre av brød.»

Dette fører inn i eit ordskifte med fleire viktige moment.

Manna i øydemarka som teikn

Fleire stader i GT ser vi korleis manna-underet i øydemarka vart sett på som eit løfte om Guds vern og omsorg (Salme 78,24-25; 105,40-42; Neh 9,15). Men ikkje eit løfte heilt utan vilkår. Gjennom veksling mellom daglege vanskar og dagleg omsorg utfordra Gud folket til tillit og truskap mot

boda han hadde gjeve (5 Mos 8,2). Vidare vart manna-underet i jødisk tradisjon, via løftet til Moses i 5 Mos 18,15, knytt til ei forventning om at Gud ein dag skulle senda ein ny stor leiarsom skulle gjera like store teikn som Moses då han ga dei manna i øydemarka. «Ein profet som meg vil Herren din Gud la stå fram hos deg, ein av landsmennene dine.»

Utan tvil var det denne forventninga som ga folket tanken om å gjere Jesus til konge etter at alle vart metta av brøda og fiskene (v.14f). Men der må ha vore ulike syn på kor vidt dette var eit tilstrekkeleg teikn i samanlikning med manna-underet, for når Jesus utfordrar dei til å sjå teiknet og høyra hans ord, etterlyser dei framleis teikn og viser til Moses og manna-underet: «Kva teikn gjer du ... Fedrane våre åt manna i øydemarka, som det står skrive: Brød frå himmelen gav han dei å eta.»

Det må også bety at dei heller ikkje har høyrte eller forstått – eller ikkje *vilja* forstå kva Jesus meinte når han viste til at «Far, Gud sjølv, hadde sett sitt segl» på Menneskesonen. Å setje sitt segl på noko var det same som å markere eigarskap og garantere at noko var ekte. Den grammatiske forma som er brukt, er *aorist*, som viser til ei avslutta hending i fortid. Det mest sannsynlege er at Jesus med dette viser til sin dåp, der røysta frå himmelen seier «Dette er Son min» (Matt 3,17; Joh 1,32-34).

Det sanne himmelbrødet'

Jesu svar på deira krav om avgjerande teikn (v.32) er eit svar med tre viktige moment. For det første kan det vere eit ope spørsmål om kor vekta ligg i den første setninga. Er poenget å få fram at det ikkje var Moses som ga dei mat, men Far (i himmelen)? Eller at manna ikkje var brød frå himmelen – 'berre' eit dagleg brød? Eller begge deler? I alle fall har Jesus *eit viktig skifte i tid* – frå ei passert fortid ('gav') under Moses, til notid om det sanne brødet frå himmelen. Og dermed inneber Jesu svar at manna-underet har si avgrensing, og var ikkje å forstå som himmelbrød. Og Gud har ei større gåve å gje – eit brød som verkeleg kjem frå himmelen og gjev sant liv – evig liv.

Eit svært viktig moment i dette svaret er også utvidinga i rekkevidde (v.33): Det er ikkje berre 'fedrane' og deira etterkomarar som får nyte godt av det sanne himmelbrødet, men 'verda' – som inkluderer alle folkeslag.

Guds gåve

Jesu svar inkluderer ei understreking av at den maten som varer og gjev evig liv, er ei gåve. To gonger bruker Jesus ord som gjer dette tydeleg. V.27: «... den (mat) som Menneskesonen skal *gje* dykk.» og v.32: «Det er Far min som *gjev* dykk det sanne brødet frå himmelen.» Det kan høyrst som dette står i motstrid mot Jesu ord om å arbeide for maten som varer. 'Å arbeide for' må i denne samanhengen bety å prioritere, - eit spørsmål om kva ein er mest oppteken av.

Jesus – livsens brød

Dette reiser sjølvsagt eit avgjerande spørsmål: Kva vil det seie å arbeide for den maten som varer og gjev evig liv? - anten ein høyrer til etterkomarane etter 'fedrane' eller er blant folkeslaga i 'verda'? Innafor ramma av vår søndagstekst kjem Jesu svar i to omgangar. Først etter oppmodinga om å arbeide for den mat som varer og gjev evig liv, og dei spør: «Kva gjerningar er det då Gud vil vi skal gjera?» (v.28) Jesu svar er først ei korrigering: Det er ikkje eit spørsmål om mange og ulike gjerningar, slik det er med alle lovgjeringane, men om éi gjerning: Å tru på han som Gud har sendt. Tilhøyrarane forstår at Jesus med dette kan meine at han sjølv er den dei skal tru på, men ber om eit teikn som ikkje er å ta feil av.

Etter ordskiftet om manna-underet kjem så det direkte og eintydige svaret frå Jesus, der han innleier med det guddommelege *εγω εμμ* - 'eg er' livsens brød. Å komme til han, er å ete av brødet som gjev liv. 'Å komme' til han, må vere einstydande med å tru på han, som den Gud har sendt, slik han uttrykker det i siste verset. Når han seier at dei ikkje trur, må det vere med tanke på fleirtalet av tilhøyrarane – der var trass alt mange som også trudde og følgde han. Og når han viser til at dette skjer trass i at dei har sett han, må det vere at dei ikkje berre har sett han som person, men at dei har sett dei gjerningane han har gjort, men trur likevel ikkje.

Israels historie / GT som tolkingskjelde

Denne søndagsteksten – og heile sjette kapittel, er igjen eit eksempel på kor viktig det er å sjå dei mange samanhengane mellom det gamle og det nye testamentet. Vi har ofte fokus på at det nye testamentet og evangeliea gjev oss den rette tolkinga av det gamle testamentet. Like viktig er det å sjå i kor stor grad det gamle testamentet gjev oss tolkingsgrunnlag for å forstå innhaldet i det som skjer i det nye testamentet. Eg er ikkje i tvil om at heile GT, og den lange historia til dette folket, er meint som bakgrunn for å forstå det som hende gjennom Jesus.

Utan dei førti åra med manna i ørkenen, og forventninga om ein profet som skulle gjere like store gjerningar, ville ikkje Jesu brød-under ha same signaleffekten. Med denne bakgrunnen og Jesu tolking, der han sjølv er det sanne himmelbrødet, blir brødunderet eit sterkt signal om at Gud har ei gåve å gje, som ikkje berre rekk til frå dag til dag. Manna var likevel mat som kunne berge folket heilt fram til den dagen dei kunne dra inn i det lova landet med overflod av alt dei trong til livsopphald. Slik er også Jesus det brødet vi treng for å nå fram til evig liv.

Teksten sin bodskap i vår tid

Jesus har ein klar bodskap til dei som leita etter han, om å ikkje vere meir oppteken av den daglege føda enn av den maten som varer og gjev evig liv. I ei tid med stor overflod og sterk materialisme kan det ikkje vere vanskeleg å finne ei rekke ulike konkretiseringar med aktuelle parallellar. Det blir vel berre eit spørsmål om kva ein finn det mest aktuelt å setje fokus på.

Men i jakta på konkretisering tenkjer eg der er sider vi bør vere vakne for. Jesu ord til sine tilhøyrarar var sjølvsagt ei sterk åtvaring. Men samstundes er eg ikkje i tvil om at han var driven av eit sterkt positivt ønske om å kunne gje folket brødet som gjev liv. På same vis tenkjer eg at det er viktig for oss i dag at vi ikkje får hovudfokus på å åtvare mot alt som berre har kortvarig verdi, men at vi evner å teikne den gåva Gud vil gje gjennom Jesus på ein slik måte at det tenner lengsel og ønskje om å få del i den, på same måte som folket som sa til han: «Herre, gjev oss alltid det brødet.»

Knut Fredrik Sørheim

Pensjonert prest. Fritidsarbeidar og krinsstyremedlem i Bergen krins av DNI.

knutfsorheim@gmail.com